

Nipo Kraft AS  
Dyrkolbotn 119  
5994 VIKANES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/16512 - 20/71682

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.no

Dato:  
11.11.2020

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - Dyrkolbotn kraftverk

Tiltak:  
Byggjestad: Gbnr: /  
Tiltakshavar: Nipo Kraft AS  
Ansvarleg søker: Einar Sofienlund

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad 24.09.2020.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. I og med at det er gjeve konsesjon til tiltaket legg SAK10 § 4-3 første ledd bokstav b føringar for at saker som er regulert av konsesjonshandsaming er unnateke handsaming frå reglaning i plan- og bygningslova som er vist til i § 4-3 første ledd. I denne saka er det kun dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen som skal handsamast. Dei generelle krava knytt til søknad om dispensasjon må vera oppfylt. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kvittering for nabovarsel, opplysningar gjeve i nabovarsel eventuelle merknader og korleis desse er håndtert. I vedtak frå NVE datert 19.10.20 som omhandlar handsaming av detaljeplan for miljø og landskap går det fram at konsesjonæren, som vanleg i eldre konsesjonar, skulle orientere aktuelle partar tilsvarende nabovarsling og vidare syte for å ha tilgjengeleg dokumentasjon på dette og på handtering av eventuelle innspel etter varslinga. Tiltakshavar må vurdere om denne dokumentasjonen oppfyller kravet i plan- og bygningslova § 21-3.
2. Situasjonskart som syner konfliktområder knytt til gjeldande omsynssoner / båndleggingssoner. Situasjonskart frå Alver kommune der ein syner til gbnr. må nyttast.
3. Mellombels deponi og utviding av eksisterande parkeringsplass er omfatta av båndleggingssone knytt til E39. Delar av røyrgata er også omfatta av båndleggingssona. Søknaden blir oversendt til blant anna Statens vegvesen for uttale.

Ein føresetnad for at Statens vegvesen skal kunne gje uttale, er at det med søknaden fylgjer tilstrekkelig informasjon om utfylling/riggområde, omfang, plassering etc.

4. Det kan, basert på innsendt dokumentasjon, sjå ut som tiltaket omfattar utvida bruk av eksisterande avkørsle og mellombels avkørsle til mellombels riggområde. Vi minner om at det må innhentast naudsynte løyve frå Statens vegvesen og/eller kommunen.
5. Det er noko uklart, basert på innsendt dokumentasjon, om vegar som er naudsynt for anlegget er avklart i konsesjonen. Vi minner om at eventuelle vegar som ikkje er avklart i konsesjonsaka er søknadsplichtig etter kapittel 20.
6. Bakgrunnsmateriale for konsesjon samt utsetting for oppstart, kan med fordel leggjast med søknaden. Vilkåra for å gje dispensasjon vil alltid vera tilstade når det er gjeve konsesjon etter vassresurslova, vassdragsreguleringslova og energilova om tiltaka er i tråd med konsesjonsvedtaket.
7. Området er omfatta av aktsomheitsområde for flaum og ras- og skredfare(H310). Vi legg til grunn at dette blir dokumentert i høve til vilkår frå NVE og at dei materielle krava i plan- og bygningslova blir ivaretatt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **5.01.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysingane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

#### **Mottakarar:**

Einar Sofienlund  
Nipo Kraft AS

Modalsvegen 537  
Dyrkolbotn 119

5729  
5994  
MODALEN  
VIKANES

---

**Side 3**  
20/16512 - 10